



Keipen Turlag



Turboktrimmen – Informasjon

Denne konvolutten skal innehalde: Informasjonsskriv og laminert og "klippekort".

Med utgangspunkt i Turboka, arrangerer Keipen Turlag ein fjelltrim med 10 turmål spreidd i Bremanger kommune – Turboktrimmen. Målet er å nå ein fjelltopp i kvar sone i Turboka innafor ein sesong; 2017: påska - 1. oktober

Vi har plassert ut klippetenger på dei ulike turmåla, enten i eksisterande turkasser eller festa på varde på toppen. Skriv namnet ditt i turboka på staden. Når du skal på tur, tek du med deg klippekortet og klipper med tanga i rett felt.

Etter at du har besøkt alle turmåla og fått ti ulike klipp, legg du kortet i den brune konvolutten. Hugs at du må skrive namnet ditt, fødselsår og telefonnummer på konvolutten før du leverer den tilbake til Keipen Turlag.

Merk deg at tur nr. 9 (Omnen) vert omtala i sone 8 og at nr. 10 (Sætrédalsvatnet) finn du i sone 5.



Tur nr:	Turmål - 2017		Start:
1A	Kalvåg:	Nigardsfjøsane	Merka sti frå Kalvåg sentrum
2B-1	Nordre Bremangerlandet:	Steinfjellet - Torvanger	God sti frå Torvanger eller Håkkskaret
3B-3	Søre Bremangerlandet:	Geitenipa	Merka sti frå Grushola/vegkryss til Nødset
4B	Skatestraumområdet:	Nygårdsetra	God sti frå Gloføykje
5C-2	Davikområdet:	Tungeskaret	Bygdeveg/skogsveg med start frå Joker
	Gulesletteområdet:	Holten	Start i Grytadalen og følg T-merka sti forbi Langevatnet
7C	Nordre Nordgulen:	Hennøysetra	Sande via Martinbu og sti mot Hennøystranda
8-4	Søre Nordgulen:	Lianakken	Turmålet ligg på stien mellom Moldahytta og Gulebrystet
8-4	Søre Nordgulen/Keipenområdet:	Omnen	Vegkryss Svelgen gravplass/Rv 64
5D-1	Davik/Ålfotområdet:	Sætrédalsvatnet	Merka sti frå Myklebustsætrane

Alle som har levert inn kortet seinast 1. oktober 2017, vil bli premierte på Keipen Turlag sitt årsmøte i november.

Vi graderer krava til klipp: For dei som er 16 år og yngre og seniorar over 67 år, er det nok med 7 klipp. Du vel sjølv kva turmål du vil nå.

Er det noko du lurer på i samband med Turboktrimmen, ta kontakt med:

Kirsten Grotle 91 36 64 85 Steinar Isene 45 87 47 37 Svenn Petter Kjerpeset 95 89 85 65

Om du føler for å gå på tur saman med andre, arrangerer Keipen Turlag tur til fleire av toppane. Oversikt over Keipen Turlag sine turar 2017 finn du i Felles turprogram 2017. Du vil óg finne omtale på heimesida vår; www.keipen.dnt.no eller Facebook/Keipen Turlag og Facebook/Turboktrimmen. Det er viktig å merke seg at ikkje alle turane er merka. Du må lese turomtala i boka, bruke kartet eller GPS – om ruta er lagt ut på UT.no. Vi prøver å merke startpunkta.

PS. Ynskjer du å bli medlem, send DNT til 2030 eller ta kontakt med oss i Keipen Turlag.

Vi tillet oss å minne om Allemannsretten og Fjellvetreglane.